



Rita Irene Schjønningsen
Myrdalskogen 151
5117 ULSET

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/18389 - 21/88160

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
30.12.2021

Beslutning om utsatt iverksettelse - gbnr 351/50 kjøreveg til hytte Landsvik

Tiltak: kjøreveg til hytte
Byggjestad: Gbnr: 351/50
Tiltakshavar: Terje Jan Nilsen
Ansvarleg søkjar: Terje Jan Nilsen

I motteke klage er det oppmoda om omgjøring av vedtak datert 03.12.21.
Kommune gir utsett iverksetting av vedtaket til klagehandsaminga er ferdig.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje: ingen uoppretteleg skade eller tap for korkje hytteeigare av gbnr 351/50 eller grunneigar av gbnr 351/3.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken til klagen er avgjerd.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.

- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS
Gripsgård Bygg AS

Kanalveien 11
Roslandsvegen 364A

5068 BERGEN
5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Rita Irene Schjønningsen
Terje Jan Nilsen

Myrdalskogen 151
Myrdalskogen 151

5117 ULSET
5117 ULSET